

Framleis fornøgd med blomesalet

20.04.2009



Gro og ei hawairose - ingen därleg kombinasjon! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Snart er det eit halvt år sidan Uskedalen fekk blomebutikk. Mange har sagt at det var dristig av etableraren.

Korleis går det så eigentleg? Jo, Gro Hjelmeland er framleis fornøgd med salet, sjølv om ho innrømmer at det er mykje arbeid. Dei positive tilbakemeldingane er mange.

- Men lange arbeidsdagar var eg førebudd på, seier Gro der ho står ventar utålmodig på ny forsyning av vårlege uteblomar. Det gjeld ikkje minst stemor, som er populær no om dagen. Så er den da også meir hardfør enn mange av dei andre vårblopane.

- Angrar du kanskje på at du står her og ikkje i det store senteret på Husnes?

- Nei, på ingen måte, tenk berre på dei store summane eg no slepp i husleige! Men det er klart at omsetnaden her går opp og ned.

Julemånen var fantastisk og deretter har det gått i bølgjer.

Ei tid var det til dømes mange gravferder, og så var det godt sal i samband med morsdagen og påska.

I påska var det også, gledeleg nok, eit betydeleg innslag av båt-turistar.

Det er i det heile tatt godt besøk av kundar som ikkje høyrer til i Uskedalen, opplyser Gro.

Berre i samband med salstoppane har ho hatt arbeidshjelp i butikken og då av familie og vene.

Først etter eitt år aktar ho å gjera opp ein slags status over etableringa i heimbygda og ikkje minst svara på dette spørsmålet til seg sjølv:

- Er innsatsen verd det eg har i utbytte?

- Eg innrømmer av eg var veldig spent før eg opna butikken her. Men eg er framleis positivt overraska over trafikken, seier Gro.

Av Ola Matti Mathisen